



Halså kommune
Serviceavdelinga

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Melding om vedtak

Deres ref:

Vår ref
2014/234-8

Saksbehandler
Peter Ardon

Dato
25.06.2014

**Lovforslag om statlig godkjenning av kommunale låneopptak og leieavtaler
for iverksetting av kommunereform - høring**

Vedlagt følger sakspapirer med vedtak i saken.

Med hilsen

Kirsten Baadnæs Bø
utvalgssekretær

Postadresse

6683 Vågland

E-post:

post@halsa.kommune.no

Besøksadresse

Rådhuset

www.halsa.kommune.no

Telefon

71 55 96 00

Telefaks

71 55 96 01

Bank

4090 06 00005

Org.nr

962 350 526 MVA



Saksframlegg

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Halsa kommunestyre	33/14	19.06.2014

Lovforslag om statlig godkjenning av kommunale låneopptak og leieavtaler for iverksetting av kommunereform – høring

Faktiske opplysninger

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utarbeidd eit framlegg til lovendring som styrker den statlege kontrollen med økonomien til kommunane. Føremålet med framlegget til lovendring er å sikre at kommunane ikkje gjennomfører uheldige økonomiske disposisjonar og strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma. Framlegget til lovendring går ut på at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leieavtaler ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen.

Denne styrkinga av den statlege kontrollen krev ei endring i kommunelova. Endringa vil innebære at også dei kommunane som ikkje er registrerte i ROBEK etter kommunelova § 60 nr. 1, vil bli underlagde lånegodkjenning.

I lov 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) skal § 60 nytt nr. 6 lyde:

6. Også for kommuner som ikke er underlagt statlig godkjenning etter nr. 1, er vedtak i kommunestyret for budsjettårene 2015 til og med 2017 om opptak av lån eller om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen utgifter ut over fire budsjettår, ikke gyldig før det er godkjent av fylkesmannen. Kommuner som inngår kontrakter som krever godkjenning, må orientere sine medkontrahenter om kravet om godkjenning.

Departementet tek sikte på at ein eventuell proposisjon til Stortinget blir fremja raskt etter sommaren 2014 med sikte på vedtak hausten 2014. For å unngå tilpassingar for å kome rundt kravet om statleg godkjenning, tek departementet sikte på at lovendringa etter vedtaket skal gjelde frå og med dagen då

høyringsnotatet blei sendt ut. Dette inneber at framlegget til lovendring vil gjelde for vedtak om budsjettet for 2015 som blir gjort etter 14. mai 2014. Fram til 1. januar 2015 vil eit vedtak om låneopptak som ledd i budsjettvedtaket for 2015, vere av intern karakter og ein plan for komande aktivitet. Grunnlova § 97 er ikkje til hinder for at ei lov i nokre høve kan gjelde for hendingar eller posisjonar før lova er handsama og vedteken.

Kompetansen til å godkjenne kommunale låneopptak osv. er i framlegget til lovendring lagt til fylkesmannen. Departementet grunngjev dette med at Fylkesmannen har inngåande kjennskap til alle kommunar i fylket og deira økonomi og utfordringar. Fylkesmannen har òg kjennskap til kva for inndelingsendringar som vil kunne vere aktuelle lokalt. Samla sett har fylkesmannen eit godt grunnlag for å føre den naudsynte kontrollen med låneopptaka til kommunane i forkant av kommunereforma.

Sammendrag/vurdering

Departementet grunngjev behovet for auka statleg kontroll med økonomien i kommunane slik:

«Kravet om statleg godkjenning skal førebyggje at lån, investeringar eller lokaliseringar lokalt skaper usemje mellom kommunar som kan vere aktuelle kandidatar for samanslåing. For å nå måla i kommunereforma, kan det vise seg vesentleg å unngå at investeringar og lokaliseringar dei komande åra snevrar inn kva for inndelingsendringar som lokalt blir oppfatta som aktuelle. For at dei samanslåtte kommunane etter reforma ikkje skal få svekka handlefridomen sin, er det vesentleg å unngå auka opplåning i forkant av reforma og å sørgje for at nye bygg osv. ikkje får ei lokalisering som gjer drifta av den nye kommunen vanskelegare.»

I dei tilfella der investeringane til dømes har karakter av strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma, vil departementet kunne la vere å godkjenne, heilt eller delvis, at kommunen tek opp lån eller inngår ein langsiktig leigeavtale, sjølv om føremålet isolert sett skulle vere lovleg. Kravet om statleg godkjenning av lån osv. er meint å hindre reint strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma. Det er ikkje tenleg å legge avgrensingar på investeringsnivået i seg sjølv. Dersom ein kommune er i økonomisk balanse, skal fylkesmannen ikkje nekte eit lån utifrå ei rein økonomisk vurdering»

Framlegget om auka statleg kontroll med økonomien i kommunane i samband med kommunereforma grip sterkt inn i det kommunal sjølvstyret. Departementet foreslår at fylkesmennene skal ha myndigheit til å godkjenne dei kommunal vedtaka av di dei har den naudsynte lokalkunnskapen. Fylkesmannen vil då måtte utøve ein betydelig grad av skjønn, og skjønnsutøvinga vil kunne variere frå fylke til fylke. Framlegget inneber difor overføring av politisk myndigheit frå lokale folkevalde til statlege embedsmenn.

Stortinget fatta 1. juni 1995 slikt vedtak om endringar i kommunestrukturen:

«Stortinget ber regjeringen legge til grunn at framtidige endringar i kommunestrukturen ikkje skal omfatte kommuner der kommunestyret eller innbyggerne i en folkeavstemming, har gått mot kommunesammenslåing.»

Sidan den gong har 14 kommunar slått seg saman frivillig utan at det har vore naudsynt med statleg kontroll eller godkjenning av kommunane sine låneopptak eller investeringar i forkant av samanslåingane.

Det er mykje som tyder på at det fortsatt er fleirtall på stortinget for at endringar i kommunestrukturen skal være frivillig.

Rådmannen meiner at det føreliggande lovframlegget om statleg kontroll av kommunale låneopptak og leigeavtaler frå 14. mai 2014 grip for sterkt inn i den kommunale sjølvråderetten. Rådmannen rår difor kommunestyret til å gå i mot dette lovforslaget. Det bør vere tilstrekkeleg at auka kontroll vert sett i verk når ei konkret utgreiing om samanslåing mellom aktuelle kommunar vert sett i gang.

Rådmannens innstilling

Halsa kommunestyre går imot lovframlegget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtarar før iverksetting av kommunereforma.

Framlegget, som skal settast i verk frå 14. mars 2014, grip sterkt inn det kommunale sjølvstyret og inneber overføring av makt frå lokale folkevalde til fylkesmannen.

Behandling i Halsa kommunestyre - 19.06.2014

Vedtak

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.